

2026

# Kvalitetsmelding grunnskule



Gloppen kommune

April 2026

# Kvalitetsmelding skule 2026

## Gloppen kommune

### April 2026

#### Innhald

1 Innleiing .....	2
2 Gloppen opplæringscenter .....	2
3 Grunnskule.....	4
3.1 Nasjonale prøver.....	4
3.2 Standpunktkarakterar.....	6
3.3 Grunnskulepoeng .....	6
3.4 Eksamenskarakterar .....	7
3.5 Fråvær .....	8
3.6 Elevundersøkinga og skuletrivsel .....	10
3.7 Mobbing.....	10
3.8 Skulebidragsindikator .....	12
3.9 Individuelt tilrettelagt opplæring (Tidlegare spesialundervisning).....	13
3.10 Lærartettleik .....	14
3.11 KOSTRA grunnskule .....	14
4 Overgang til og gjennomføring av VGS.....	16
5 Kommunebarometer Grunnskule.....	17
6 Oppvekstprofil Gloppen.....	20
7 Oppsummering .....	21

## 1 Innleiing

Det er frå 1. august 2024 ikkje lenger eit krav i opplæringslova å utarbeide ei kvalitetsmelding eller tilstandsrapport om kvaliteten i opplæringa. §17-12 i opplæringslova (som var ny frå 1. august 2024) seier mellom anna at kommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskuleopplæringa. Kommunen skal sørge for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette med i opplæringslova og læreplanverket som gjeld.

Kommunestyret skal minst ein gang i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. No legg vi fram ei kvalitetsmelding etter tidlegare mal, så få kommunestyret vurdere i kva form dei ynskjer å bli informert og med kva frekvens innanfor minimumskravet.

Denne kvalitetsmeldinga tek utgangspunkt i skuleåret 24/25 når det gjeld karakterar, men tek med seg tal frå inneverande skuleår der det er naturleg og dei er tilgjengelege som til dømes nasjonale prøver og elevundersøkinga. Tala er stort sett henta frå [helsedirektoratet sin statistikkbank](#) og [Udir](#), samt Framsikt.

## 2 Gloppen opplæringscenter

### Førebuande opplæring for vaksne, FOV

1.august 2024 vart det innført nye læreplanar frå Udir i høve modulbasert grunnskuleopplæring, FOV. Opplæringa skal delast inn i ein grunnmodul og 4 modular som byggjer på kvarandre, og det skal vere stor grad av fleksibilitet i undervisninga. Alle søkjarar i målgruppa har rett til å få sin realkompetanse vurdert for at den enkelte skal få eit tilpassa opplæringsløp i fag og modular. Dette er ein stor og omfattande prosess, sidan ein i denne vurderinga ikkje skal nytte tradisjonelle testmetodar, men leite med "lys og lykter" etter den totale kompetansen den enkelte har tileigna seg gjennom arbeid, skulegang og daglegliv. Ein skal samanlikne denne kompetansen opp mot dei faktiske læringsmåla i læreplanane for fag og modular, og gjere ei vurdering av kva som kan reknast som likeverdig kompetanse i høve læringsmåla. Det finst framleis lite materiell på nynorsk for FOV. Kravet om individuell tilpassing på ein liten skule som GOS er også utfordrande, sidan ein ikkje har nok elevar eller ressursar til å dele klassene inn i 4 modular. Dette medfører at elevane får undervisning etter fådelt skule prinsippet, og ein lærar må lage fleire parallelle undervisningsopplegg til ei undervisnings-økt. I 2025 hadde vi ei grunnskuleklasse for denne elevgruppa ved senteret. Ingen elevar tok avsluttande eksamen i modul 4, FOV våren 2025.

### Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Innvandrarar og flyktningar får opplæring i norsk og samfunnskunnskap ved skulen. Ved avslutninga av opplæringa tek deltakarar med rett og plikt til opplæring avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap. Deltakarar med rett til opplæring har ikkje krav til å gjennomføre norskprøver, men mange vel likevel å ta dei. Gloppen opplæringscenter er godkjend prøvestad og arrangerer offisielle norskprøver, statsborgarprøver og prøver i samfunnskunnskap utvikla av Direktoratet for Høyere Utdanning og Kompetanse, HK-dir, fleire gonger i året.

9 kandidatar gjennomførte Statsborgarprøva i 2025. 37 kandidatar tok avsluttande prøver i norsk. Norskprøven består av 4 delprøver: Munnleg del, skriftleg del, lesedel og lyttedel. Det lågaste nivået er A1 og det høgaste nivået er B2. For å få statistikk, må det vere meir enn 9 kandidatar per prøve. På vinterprøva har vi av den grunn avgrensa statistikk. Ein kan sjå at resultata er best i munnleg norsk og på skriftleg del, medan det kan sjå ut som at lesedelen og lyttedelen har vore dei mest utfordrande prøve-delane.

Ei innstramming i regelverket i desember 2025 førte til at mange av deltakarane no kun får rett til 1 år med norskopplæring, sidan høvet til å søkje om utvida norskopplæring vart fjerna. Tidlegare kunne elevar i målgruppa få inntil 3 år med norskopplæring før avsluttande prøver. I tillegg til kortare opplæringstid, har hovudfokuset i regelverket vore å få flest mogeleg raskt i arbeid, og det er innført krav om arbeidsretta aktivitet innan kort tid. Desse faktorane har medført at opplæringstida på skule har blitt kortare. For å få permanent opphald i Noreg, må ein søkjar dokumentere resultat A2 på munnleg prøve. Slik det går fram av statistikken, klarer fleirtalet dette. Ein god prosent-andel oppnår B2 nivå som er eit avansert nivå i norsk.

## Prøveresultat

### Vår 2025

Delprøve	Ikkje grunnlag	A1	A2	B1	B2
Skriftleg		40 %	40 %	20 %	
Les		70 %	10 %	20 %	
Lytt		50 %	30 %	10 %	10 %
Munnleg		30 %	40 %	20 %	10 %

### Sommar 2025

Delprøve	Ikkje grunnlag	A1	A2	B1	B2
Skriftleg			66,7 %	25 %	8,3 %
Les		25 %	33,3 %	25 %	16,7 %
Lytt		8,3 %	50 %	0	41,7 %
Munnleg			58,3 %	33,3 %	8,3 %

### Vinter 2025

Delprøve	Ikkje grunnlag	A1	A2	B1	B2
Munnleg		61,5 %	23,1 %		15,4 %

## Utvikling tal elevar

Kommunen vedtok å busette 30 flyktningar i 2025. Dette er ein nedgang på 20 i høve 2024, då kommunen busette 50. Dette har ført til ein liten nedgang i elevtalet ved skulen og av den grunn reduserte ein bemanninga med ei stilling frå midten av desember. Eit fleirtal av elevane ved skulen kjem frå Ukraina, men kommunen buset og flyktningar frå andre land.

### 3 Grunnskule

Elevtal i grunnskulen i Gloppen:

2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
774	776	751	712	723	695	723	723	711	713

#### 3.1 Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene vert gjennomført kvar haust for 5., 8. og 9. trinn. Dei er obligatoriske for alle grunnskular i Noreg og skal nyttast til å vurdere og utvikle elevane sine dugleikar i lesing, rekning og engelsk.

##### Nasjonale prøver 5. trinn 2025-26

Skalapoeng engelsk

49<sup>51</sup>  
i fjor

Skalapoeng lesing


48<sup>48</sup>  
i fjor

Skalapoeng regning

48<sup>48</sup>  
i fjor

##### Mestringsnivåfordeling

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



2025-26, Gloppen kommune (EIER), Alle eierformer

Meistringsnivåa illustrerer kor mykje elevane meistrar. Meistringsnivå 1 er det lågaste nivået og meistringsnivå 3 eller 5 er det høgaste nivået. På 5. trinn er det tre meistringsnivå. På ungdomsskule er det fem.

Når det gjeld engelsk 5. trinn har vi hatt ei god utvikling dei siste åra. I 2022 var 32 % på nivå 1, i 2023 29 % og 21% for 2024. Årets tal er opp til 29,9. Når det gjeld lesing ser vi dei siste åra at har litt fleire på lågaste meistringsnivå og at skalapoenga har stabilisert seg på under 50 poeng. Regning er og slik at resultatata har vorte meir på det jamne, der vi tidlegare var nærare dei nasjonale snitta. Det store bilde på nasjonale prøver 5. trinn er at vi scorar dårlegare enn både fylke og nasjon og vi har fleire elevar på lågaste meistringsnivå og færre elevar på høgaste meistringsnivå.

### Nasjonale prøver 8. trinn 2025-26


Skalapoeng engelsk  
50<sup>47</sup>  
i fjor

Skalapoeng lesing  
48<sup>46</sup>  
i fjor

Skalapoeng regning  
49<sup>47</sup>  
i fjor

### Mestringsnivåfordeling

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



2025-26, Gloppen kommune (EIER), Alle eierformer

Når det gjeld 8. trinn som i praksis måler utviklinga på mellomtrinnet så er vi framleis under fylke og nasjonale tal sjølv om det er betre enn året før. Vi har relativt få elevar på dårlegaste meistringsnivå, men ser vi på dei to lågaste gruppene samla så har vi for mange elevar som scorar i det lågaste sjiktet. Det er likevel gledeleg å sjå at engelsk som har vore der vi over tid har scora dårlegast har hatt eit positiv utvikling.

9. trinn som vi ser på tabellen under har ikkje nasjonale prøver i engelsk. Vi ser av tabellen at det er stor forskjell på to ulike kull her. Der vi har eit kull som er klart over nasjonale tal og eit som er klart under. Utover det ser vi ei positiv utvikling i skalapoeng frå 8. klasse. Oppsummert så ser vi ein trend på

nasjonale prøver som har vore nokre år, at vi etter 5. trinn ligg litt bak, på 8. trinn så nærmar vi oss og i 9. trinn er vi på høgde og litt forbi. Trenden ser likevel ut til å flate litt ut og det viser og igjen på grunnskulepoenga utifrå ungdomskulen og gjennomføring i vidaregåande skule. Engelsk har gått frå å vere det området vi scora klart dårlegast på til at vi over år har sett ei positiv utvikling på prøvene.

Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	2024-25						2025-26					
	Lesing			Regning			Lesing			Regning		
	9. årstrinn			9. årstrinn			9. årstrinn			9. årstrinn		
	Alle eierformer			Alle eierformer			Alle eierformer			Alle eierformer		
	Alle kjønn			Alle kjønn			Alle kjønn			Alle kjønn		
Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	
- Hele landet	53	0.1	61 272	52	0.1	61 272	53	0.1	59 855	53	0.1	59 768
- Vestland	53	0.2	7 355	52	0.2	7 344	53	0.2	7 224	53	0.2	7 178
+ Gloppen	54	2.5	63	55	2.6	63	50	2.7	59	51	2.4	61

### 3.2 Standpunktarakterar

Fag	GLOPPEN						Vestl	Norge
	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	24/25	24/25
Norsk hovudmål	3,7	3,8	3,9	3,7	3,9	3,7	3,9	3,9
Norsk sidemål	3,8	3,7	3,8	3,9	3,9	3,6	3,8	3,8
Norsk munnleg	4,1	4,1	4,1	3,9	4,3	3,8	4,3	4,3
Engelsk	4,1	3,7	4	3,8	4,3	4,1	4,3	4,3
Matematikk	3,8	3,6	3,7	4,1	3,8	3,6	3,7	3,6

Standpunktarakterane er dei karakterane lærarane sjølv gjev elevane etter vurdering i faget. Med unntak av matematikk, så vurderer vi elevane våre lågare eller likt med fylket og landet. Matematikk er kanskje det faget det er minst rom for skjønn og enklare å setje karakter utifrå standardiserte modellar, kan det påverke kvifor det er slik og at vi har eit strengare skjønn enn andre i dei andre basisfaga?

### 3.3 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
Gloppen	40,7	43,2	41,7	40,3	41,7	41,6	41,6	40,0
Vestland	42,0	42,4	43,3	43,5	43,6	42,8	42,4	42,4
Nasjonalt	41,8	42,0	43,2	43,3	43,4	42,4	42,2	42,2

Tabellen over syner grunnskulepoenga elevane i Gloppe i gjennomsnitt tek med seg ut av skulen både gutar og jenter. Vi ser at dei siste åra har lege stabilt under både fylke og nasjonale tal og siste år er differansen rekordstor. Dette er dei poenga våre elevar konkurrerer med når dei søker seg inn på vidaregåande skule.

## Kvalitetsmelding skule 2025

Grunnskulepoeng Gloppen, etter kjønn	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
Jenter	43,3	43,3	44,1	44,5	44	44,5	43,3
Gutar	41,6	39,5	37,9	38,6	39,7	39,6	36,5
Differanse	3,7	3,8	6,2	5,6	4,3	4,9	6,8
Differanse Vestland		4,2	4,3	3,9	3,4	3,8	3,6
Differanse nasjonalt		4,4	4,5	4,3	4,0	4,0	3,8

Tabellen syner grunnskulepoeng fordel på gutar og jenter. Det er differanse mellom gutar og jenter både nasjonalt og på fylket. Det som bekymrar er at differansen i Gloppen er større og siste år rekordstor.

### 3.4 Eksamenskarakterar

	2022-23 ?	2023-24 ?	2024-25 ?
	Skriftlig eksamen ?	Skriftlig eksamen ?	Skriftlig eksamen ?
	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?
	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?
Fag - Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Snittkarakter ?	Snittkarakter ?	Snittkarakter ?
- Engelsk 10. årstrinn	3,7	3,8	4,0
- Hele landet	3,7	3,8	4,0
- Vestland	3,8	3,9	4,0
+ Gloppen	3,8	3,5	4,1
- Matematikk 10. årstrinn	3,5	3,3	3,5
- Hele landet	3,5	3,3	3,5
- Vestland	3,4	3,3	3,5
+ Gloppen	4,1	3,2	3,9
- Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	3,4	3,5	3,5
- Hele landet	3,4	3,5	3,5
- Vestland	3,4	3,4	3,5
+ Gloppen	3,5	3,6	3,6
- Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	3,4	3,3	3,3
- Hele landet	3,4	3,3	3,3
- Vestland	3,4	3,3	3,3
+ Gloppen	3,5	3,0	3,0

Tabellen over syner resultat på skriftleg nasjonal eksamen. Tala syner at vi ligg over både fylke og nasjonalt på eksamen, sjølv om det er litt variasjonar siste året. Vi ligg under på standpunkt. Det betyr at vi scorar fagleg godt i faga med ein nøytral og ekstern vurdering. Er vi for strenge på standpunktvurderinga vår? Det er noko vi må sjå på.

### 3.5 Fråvær

Den offisielle statistikken under syner fråvær for 10 trinn: der vi har tal som er lågare enn fylke og rimeleg likt med Norge. Vi ser og at gutane har lågare fråvær enn jentene, det gjeld både lokalt og nasjonalt, sjølv om det for siste året i Gloppen har jamna seg ut mellom kjønna.

#### Fråvær skuleåret 24/25, 10. trinn, median:

	Samla, dagar	Samla, timar	Gutar, dagar	Gutar, timar	Jenter, dagar	Jenter, timar
<b>Gloppen</b>	9 (8)	4 (2)	9 (7)	3 (2)	8 (9)	9 (8)
<b>Vestland</b>	9 (9)	7 (6)	9 (8)	6 (5)	10 (10)	8 (7)
<b>Norge</b>	9 (8)	8 (7)	9 (7)	7 (6)	10 (9)	9 (8)


Tala i parentes er tala for skuleåret 23/24 – kjelda er Udir sin statistikk.

I tillegg har ut utarbeida lokal statistikk for alle grunnskulane. (Dette er gjennomsnitt, og kan derfor ikkje samanliknast med tabellen over)


#### Fråvær skuleåret 24/25, alle trinn, gjennomsnitt:

2024/2025	Alle		Gutar		Jenter	
	Dagar	Timar	Dagar	Timar	Dagar	Timar
Breim	7,7	2,6	7,7	3	7,7	2
Nordstranda	8,2	1,7	7,8	1,9	8,5	1,6
Sandane	8,1	2,4	7,9	1,7	8,3	3,2
Hyen	10	9,1	9,7	8	10,4	10,7
GU	13,8	9,3	14,1	10,3	13,6	9
Gloppen	9,8	4,7	9,7	4,6	9,9	4,8

Vi ser det same her som nasjonalt at gutane jamt over har litt lågare fråvær enn jentene. Vi ser og at fråværet aukar på ungdomskulen



Diagrammet over syner gjennomsnitt dagsfråvær (heile dagar) ved kvar skule. Koronaåret 21/22 skil seg ut med høgt fråvær. Etter det har det samla fråværet gått ned og flata ut, med ein flat stigande tendens. Ser vi på diagrammet under så syner det likevel at tal elevar med bekymringsfullt skulefråvær er stigande.



Stolpediagrammet syner kor mange elevar som er over 10% fråvær ved kvar skule siste 4 heile skuleår. Her målt i dagsfråvær. Vi ser ein sterkt stigande tendens som siste året har stoppa opp og gått litt ned samla sett. 10 % er valt som utgangspunkt fordi det er fråværgrensa i vidaregåande skule for å få vurdering og bestått. Elevane i denne gruppa har sjølvstøtt store forskjellar seg imellom, der nokon har naturleg og planlagt fråvær, medan andre er meir vekke frå skulen enn dei er på skulen.

### 3.6 Elevundersøkinga og skuletrivsel

#### Elevundersøkinga 7. og 10. trinn.

	2025-26 <sup>?</sup>					
	Hele landet <sup>?</sup>					
	Alle fylker <sup>?</sup>		Vestland <sup>?</sup>			
	Alle kommuner <sup>?</sup>		Alle kommuner <sup>?</sup>		Gloppen <sup>?</sup>	
	Alle skoler <sup>?</sup>		Alle skoler <sup>?</sup>		Alle skoler <sup>?</sup>	
	7. årstrinn <sup>?</sup>	10. årstrinn <sup>?</sup>	7. årstrinn <sup>?</sup>	10. årstrinn <sup>?</sup>	7. årstrinn <sup>?</sup>	10. årstrinn <sup>?</sup>
	Alle eierformer <sup>?</sup>	Alle eierformer <sup>?</sup>	Alle eierformer <sup>?</sup>	Alle eierformer <sup>?</sup>	Alle eierformer <sup>?</sup>	Alle eierformer <sup>?</sup>
	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>
Indikator - Spørsmål	Snitt <sup>?</sup>	Snitt <sup>?</sup>	Snitt <sup>?</sup>	Snitt <sup>?</sup>	Snitt <sup>?</sup>	Snitt <sup>?</sup>
+ Trivsel	4,1	4,1	4,1	4,0	4,2	4,0
+ Støtte fra lærer	4,2	3,9	4,3	4,0	4,5	4,2
+ Støtte hjemmefra	4,2	4,0	4,2	4,0	4,2	4,0
+ Vurdering for læring	3,6	3,3	3,6	3,3	3,7	3,3
+ Læringskultur	3,8	3,7	3,8	3,7	3,9	3,7
+ Mestring	3,9	3,8	3,9	3,8	4,1	3,9
+ Motivasjon	3,4	3,3	3,4	3,2	3,4	3,1
+ Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,3	3,5	3,3	3,7	3,5
+ Felles regler	4,2	4,0	4,2	4,0	4,3	4,0
+ Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)		3,8		3,8		4,0
+ Faglig utfordring	3,9	4,2	3,8	4,2	3,8	4,1

Tabellen syner scoren i 7. klasse og 10. klasse som er dei to trinna der elevundersøkinga er obligatorisk å gjennomføre. Dei syner at 7. klasse jamt over scorar seg betre enn 10. klasse. Vi ser at vi scorar oss jamt over betre enn både fylke og nasjonale tal.

### 3.7 Mobbing

#### Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er obligatorisk i 7. klasse og 10. klasse, og det er der vi får offisielle tal presentert. Resultata frå elevundersøkinga på mobbing er i stor grad skjerma med tanke på personvern. Tabellen under ligg offentleg på [Udir.no](https://udir.no). Den viser kor stor prosent av elevane som opplever mobbing på skulen 2-3 gongar i mnd eller oftare. I tillegg til elevundersøkinga så gjennomfører vi ei intern kartlegging i klassene gjennom eit program som heiter Spekter.

**7. trinn**

Skuleår:	Gloppen 7. trinn	Vestland 7. trinn	Norge 7. trinn
<b>25/26</b>	<b>9,7</b>	<b>11,1</b>	<b>11,3</b>
24/25	5,1	11,9	12,3
23/24	10	11,9	12,8
22/23	9,2	9,2	9,9
21/22	16,7	7,8	7,9

Samanlikna med fylke og nasjon så har vi betre tal. Vi ser og at tala våre har gått ned over tid, men gjer eit hopp siste året.

**10.trinn**

Skuleår:	Gloppen 10. trinn	Vestland 10. trinn	Norge 10. trinn
25/26	3,2	9,1	9,6
24/25	6,3	11,2	10,6

Når det gjeld 10. trinn har vi tal for dei siste 2 åra. Vi kjem klart betre ut enn fylket og landet. Vi som kommune har og tilgang til tal som ikkje er offentlege, og dei syner ein gledeleg reduksjon i mobbeprosent.

Vi ser at tal saker med aktivitetsplan i skulen er stabilt og (for?) lågt. Det er ingen klagesaker til Statsforvaltaren på mobbesaker etter opplæringslova siste skuleåra. Vi ser likevel at vi har nokre saker som er komplekse med sosiale prosessar og negative gruppedynamikkar, og det som skjer må sjåast i samanheng med omgjevnadane. Dei er vanskelege å kome til botnen i og løyse opp i fordi dei ofte har pågått i lenger tid.

**Mobbeombodet i Vestland.**

Mobbeombodet i Vestland lagar årleg ei årsmelding. Den ligg ved kvalitetsmeldinga. I den peikar dei på ulike trendar og kjem med nokre tilrådingar. Mobbeombodet sine erfaringar og tendensar dei ser i Vestland siste år kan oppsummerast i følgjande punkt:

1. Lytt til barn og unge.
  - a. Alle som arbeider med og for barn og unge må involvere dei aktivt i arbeidet mot mobbing. Også barn og unge som av ulike grunnar kan vere vanskelege å nå, må få ivaretatt retten sin til å bli høyrte.
  - b. Barnehage- og skuleeigarar og einingsleiarar har ansvar for at det blir gjort reelle barnet beste-vurderingar i alle saker som gjeld barn og unge.
2. Arbeid systematisk med barnehage og skulemiljø.
  - a. Barnehage- og skuleeigar må sørge for at alle tilsette kjenner rettane til barn og unge.
  - b. Sørg også for at alle tilsette i skule og barnehage har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å ta vare på særleg sårbare barn.

- c. Bruk tilgjengelege ressursar, til dømes PPT, RVTS, eller mobbeombodet (med barnehagepakken eller tilbodet om aktivitetsplikta i skulen). • Skuleeigar må følgje opp skulane i arbeidet med å førebygge og handtere bekymringsfullt skulefråvær.19Årsmelding 2024–2025
3. Set arbeid med inkluderande klassemiljø og god klasseleiing høgt på agendaen.
  - a. Involver elevane i arbeidet, og ver tydelege på kva verdiar de ynskjer skal prege fellesskapet.
  - b. Sørg for gode varslingsrutinar slik at elevane veit kor dei kan få hjelp, og kva som skjer når dei melder frå om mobbing.
  - c. Skuleeigar og einingsleiar må sørge for at alle elevar møter trygge vaksne og gode klasseleiarar.
  - d. Samfunnet med politikarar i spissen må støtte dei vaksne i skule og barnehage og gi den autoriteten dei treng.
4. Foreldresamarbeidet må styrkast og systematiserast.
  - a. Gjer trygt og godt barnehage- og skulemiljø til fast tema på foreldremøta.
  - b. Foreldre treng informasjon om korleis skule og barnehage arbeider, og kva dei kan forvente når dei har eit barn som opplever mobbing og utrygt barnehage- eller skulemiljø.
  - c. Foreldregruppa er ofte ein ubrukt ressurs i barnehage- og skulemiljøarbeidet – bruk dei.
5. Rust opp, ikkje ned – kommunen sitt ansvar.
  - a. Kommunane har ansvar for å gi tilsette det dei treng for å kunne forebygge og handtere mobbing og utanforskap.
  - b. Minst ein i kvar leiargruppe må ha utvida kompetanse på mobbing og psykososialt miljø og kapasitet til å arbeide systematisk med dette i personalgruppa.
  - c. Alternativt, men helst i tillegg, etablere ressursteam i kommunen som ein del av PPT eller lagt til rådgjevar i administrasjon. Små kommunar kan eventuelt gå saman om å etablere ressursteam.

### 3.8 Skulebidragsindikator

	2023+2024 ?			2024+2025 ?		
	Offentlig skole ?			Offentlig skole ?		
	5.-7. årstrinn ?			5.-7. årstrinn ?		
	Skulebidrag ?			Skulebidrag ?		
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skulebidrag ?	Nedre grense ?	Øvre grense ?	Skulebidrag ?	Nedre grense ?	Øvre grense ?
- Hele landet	0.0	- 0.2	0.1	0.0	- 0.2	0.1
- Vestland	- 0.1	- 0.3	0.0	- 0.2	- 0.3	0.0
+ Gloppen	0.6	- 0.2	1.5	0.1	- 0.8	0.9

	2021 ?	2022 ?	2023 ?	2024 ?	2025 ?
	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?
Nasjonalt - Fylke - Kommune	Andel overganger ?	Andel overganger ?	Andel overganger ?	Andel overganger ?	Andel overganger ?
- Hele landet	97.9	97.7	97.2	96.9	96.8
- Vestland	98.0	98.1	98.2	97.8	97.8
Gloppen	97.1	94.8	93.8	95.1	94.4


### 3.9 Individuelt tilrettelagt opplæring (Tidlegare spesialundervisning)

Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) i skulen har fått nytt namn etter ny opplæringslov som var gjeldande frå august 2024. Tidlegare var dette kalla spesialundervisning eller spes.ped.

Andel elevar som får individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) på ulike trinn i Gloppen:

	2021	2022	2023	2024	2025	Vestland 2025	Norge 2025
1.-4. trinn	6,5 %	7,4 %	4,8 %	4,9 %	3,6 %	4,7 %	4,6 %
5.-7. trinn	7,9 %	6,8 %	11,5 %	8,8 %	12,1 %	9,2 %	8,9 %
8.-10. trinn	8,6 %	6 %	8 %	8,1 %	9,3 %	9,0 %	10,0 %

Av tabellen over ser vi at Gloppen sine tal har auka litt siste året og vi ligg nærare og over fylket og landet. Målet er tidleg innsats, slik at vi kan trappe ned ITO oppover i klassetrinna, der er vi ikkje endå. Det er eit område vi jobbar med å effektivisere ressursbruken på, slik at mellom anna PPT kan få bruke ressursane sine på dei sakene som verkeleg krev ekstra utgreiingar. Tabellen under syner Gloppen sine tal siste 4 åra samanlikna med kommunegruppa vår, som er den blåstreken og Gloppen dei oransje søylene.



### 3.10 Lærartettleik

Lærartettleik er tal elevar pr. lærar. Tabellen under viser lærartettleik i ordinær undervisning i Gloppen, totalt:

2021	2022	2023	24/25	25/26	Vestland 25/26
13,5	14,1	14,1	13,21	11,89	15,18


Vi ser av tabellen som syner elevar pr. lærar at vi ligg under Vestland og gått ned på elevtal siste året.

Lærartettleik på ulike trinn:

	2021	2022	2023	24/25	25/26	Vestland 25/26
1.-4. trinn	12,4	12,2	12,8	11,69	9,92	13,11
5.-7. trinn	11,8	14,2	11,9	13,64	11,99	15,78
8.-10. trinn	16,7	16,2	19	14,90	14,83	17,53


Lærartettleiken i Gloppen er høgare enn i fylket og landet. Det er positivt for elevane og lærarane. Lærarnorm på 1. - 4. klasse er 15, og i 5.-7. klasse er det 20. På ungdomsskulenivå er lærarnormen 20. Vi hadde skuleåret 24/25 tilsyn med både Sandane skule og Gloppen ungdomsskule som hadde brot på lærarnormen. Det er innanfor dette skuleåret.

### 3.11 KOSTRA grunnskule



## Kvalitetsmelding skule 2025

Figuren over syner driftskostnader til grunnskule per innbyggjar i grunnskulealder. Dette er utan bygg, skuleskyss, SFO osv. Samanlikna med KOSTRAGRUPPA vår så ligg vi under i kostnader.



Denne siste figuren syner Gløppen samanlikna med si kostragruppe som er ei samling av kommunar som er samanliknbare i folketal og geografi. Her er alle utgifter til drifta av skulane med som SFO, skuleskyss, bygningsdrift. Vi ligg godt under kommunegruppa vår. Ei anna samanlikning syner at vi driftar grunnskule om lag 9,6 millionar rimelegare enn kommunegruppa pr år.

## 4 Overgang til og gjennomføring av VGS

	2021 <sup>?</sup>	2022 <sup>?</sup>	2023 <sup>?</sup>	2024 <sup>?</sup>	2025 <sup>?</sup>
	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>	Alle kjønn <sup>?</sup>
Nasjonalt - Fylke - Kommune	Andel overganger <sup>?</sup>	Andel overganger <sup>?</sup>	Andel overganger <sup>?</sup>	Andel overganger <sup>?</sup>	Andel overganger <sup>?</sup>
- Hele landet	97,9	97,7	97,2	96,9	96,8
- Vestland	98,0	98,1	98,2	97,8	97,8
Gloppen	97,1	94,8	93,8	95,1	94,4


Tabellen over syner kor stor del av 16 åringane som startar på vidaregåande opplæring same året som dei avsluttar grunnskulen. Her har vi litt lågare tal enn vi skulle ynskje og er ungdomar som fell utanfor skule. Noko skuldast framandspråklege som nyttar eit ekstra år før dei byrjar i ordinær vidaregåande, noko elevar på private vidaregåande skular, men noko skuldast ungdomar som strevar med livet.

Vidare kan vi sjå kor stor del av dei same elevane som fullfører første året i vidaregåande opplæring:

Overgangsår ungdomsskule - VGS	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Gloppen, tal elevar	68	97	101	67	69	76	73
Gloppen, bestått VG1 (%)	88,2	84,5	85,2	89,6	92,8	88,2	90,4
Vestland, bestått VG1 (%)	89	90,8	92,2	90,2	90	87,7	86,8

Kjelde: [VLFK](#)

## Kvalitetsmelding skule 2025



## 5 Kommunebarometer Grunnskule

Kommunebarometeret er ei rangering av kommunane på ei rekkje indikatorar. 157 nøkkeltal innan 12 sektorar. Utarbeida av Kommunal Rapport. I 2025 utgåva var Gloppen samla sett rangert som nummer 26 av kommunane. For kategorien grunnskule så er Gloppen rangert som nummer 60 av 356. Under ser du utklipp av det som gjeld grunnskule for Gloppen.


Tabellen synser korleis Gloppen er rangert i høve resten av landet sine kommunar (356 i talet)

# Kvalitetsmelding skule 2025

## Rangering

	2020	2021	2022	2023	2024
GSK01 Snitt grunnskolepoeng, siste fire år	87	242	249	260	251
GSK02 Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år		297	254	110	169
GSK03 Andel elever som har fullført og bestått videregående innen fem år	66	201	31	98	102
GSK04 Andel elever på laveste mestringsnivå, 5. trinn, snitt siste fire år	193	220	222	203	200
GSK05 Andel elever på laveste mestringsnivå, 8. trinn, snitt siste fire år	127	109	106	121	162
GSK06 Andel elever på laveste mestringsnivå, 9. trinn, snitt siste fire år	91	77	55	42	30
GSK07 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	1	62	214	62	63
GSK08 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn	278	337	336	68	339
GSK09 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1.-7. trinn	298	234	113	228	1
GSK10 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8.-10. trinn	1	159	1	1	1
GSK11 Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	250	174	188	193	41
GSK12 Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	76	135	198	209	196
GSK13 Elevtimer med fysisk aktivitet, 5.-7. trinn	138	129	128	72	156
GSK14 Andel elever med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år	249	242	237	173	159
GSK15 Andel elever med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år	204	155	106	111	107
GSK16 Andel elever med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år	115	128	106	65	35
GSK17 Andel elever som får leksehjelp, 1.-4. trinn	25	22	23	28	38
GSK18 Andel elever som får leksehjelp, 5.-7. trinn	43	65	54	64	33
GSK19 Andel elever som får leksehjelp, 8.-10. trinn	161	207	192	196	197

Figuren under syner Gloppen samanlikna med våre gode grannar.



# Kvalitetsmelding skule 2025


## Nøkkeltall

	2020	2021	2022	2023	2024
<b>GSK01</b> Snitt grunnskolepoeng, siste fire år	42.23	41.23 ↓	41.57 ↑	41.57	41.6 ↑
Vekt i sektor: 10%, vekt totalt: 2% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	41.46	42.01	42.44	42.62	42.41
<b>GSK02</b> Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år		40.3	41.7 ↑	42.7 ↑	41.7 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	42.84	42.72	42.96	41.97	41.79
<b>GSK03</b> Andel elever som har fullført og bestått videregående innen fem år	83.12	77.92 ↓	88.1 ↑	81.16 ↓	84.04 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	77.24	78.11	80.01	79.63	79.41
<b>GSK04</b> Andel elever på laveste mestringsnivå, 5. trinn, snitt siste fire år	29.95	31.63 ↑	31.35 ↓	30.38 ↓	30.34 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	27.9	28.37	28.45	28.61	29.58
<b>GSK05</b> Andel elever på laveste mestringsnivå, 8. trinn, snitt siste fire år	9.47	8.96 ↓	9.22 ↑	10.55 ↑	12.5 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	9.77	9.83	10.23	11.28	12.21
<b>GSK06</b> Andel elever på laveste mestringsnivå, 9. trinn, snitt siste fire år	4.93	4.8 ↓	4.56 ↓	4.54 ↓	4.57 ↑
Vekt i sektor: 10%, vekt totalt: 2% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	5.84	5.98	6.08	6.45	7.17
<b>GSK07</b> Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	100	94.64 ↓	80.28 ↓	95.77 ↑	95.24 ↓
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	79.35	81.86	82.28	83.39	83.6
<b>GSK08</b> Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn	67.24	36.36 ↓	32.98 ↓	96.43 ↑	32.29 ↓
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	77.76	81.14	81.06	81.83	81.51
<b>GSK09</b> Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1.-7. trinn	91.58	94.62 ↑	98.25 ↑	92.98 ↓	100 ↑
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	95.29	94.8	93.81	92.58	92.63
<b>GSK10</b> Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8.-10. trinn	100	98.92 ↓	100 ↑	100	100
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	97.03	96.65	96.01	94.98	95.17
<b>GSK11</b> Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	84	86 ↑	83 ↓	80 ↓	86.7 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	86.76	85.76	84.87	82.38	81.37
<b>GSK12</b> Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	86	84 ↓	81 ↓	78 ↓	78.79 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	81.86	81.72	82.07	80.2	79.31
<b>GSK13</b> Elevtimer med fysisk aktivitet, 5.-7. trinn	92	94 ↑	94	111 ↑	89 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	94.83	96.95	96.82	94.35	95.67
<b>GSK14</b> Andel elever med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år	7.13	7.06 ↓	7.07 ↑	6.79 ↓	5.91 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	6.14	6.17	6.25	6.67	6.56
<b>GSK15</b> Andel elever med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år	10.46	9.42 ↓	8.58 ↓	8.87 ↑	8.77 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	10.55	10.57	10.74	11.09	11.19
<b>GSK16</b> Andel elever med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år	9.16	9.36 ↑	8.82 ↓	8.38 ↓	7.67 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	11.12	11.11	11.29	11.74	12.11
<b>GSK17</b> Andel elever som får leksehjelp, 1.-4. trinn	64.53	66.06 ↑	63.04 ↓	60.34 ↓	52.28 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	21.09	20.58	19.62	19.65	19.52
<b>GSK18</b> Andel elever som får leksehjelp, 5.-7. trinn	65.9	55.45 ↓	54.37 ↓	56.25 ↑	80 ↑
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	31.07	32.07	30.7	31.42	31.34
<b>GSK19</b> Andel elever som får leksehjelp, 8.-10. trinn	2.17	0 ↓	1.29 ↑	0 ↓	0.47 ↑
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi→	11.36	12.28	12.18	11.91	11.54

MERK: Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi er ikke et statistisk landsgjennomsnitt, men snittet av de aggregerte nøkkeltallene

↑ ↓ = endring siden året før, forverring    ↑ ↓ = endring siden året før, forbedring

## 6 Oppvekstprofil Gloppen



[https://folkehelseprofileksport.helsedirektoratet.no/Oppvekstprofiler/Kommune/2026/Nynorsk/4650\\_2026\\_Nynorsk.pdf](https://folkehelseprofileksport.helsedirektoratet.no/Oppvekstprofiler/Kommune/2026/Nynorsk/4650_2026_Nynorsk.pdf)

Oversikta syner scoren til Gloppen på offentleg statistikk. Oppvekstprofilen for Gloppen 2026 vart lansert 25. Mars 2026. Kvart år har oppvekstprofilen eit tema som i år er tema ungdom og rusmiddel. Oppvekstprofilen syner oss for første gang at vi ikkje har nokre raude prikkar som indikerar at vi er signifikant dårlegare enn landsnivået.

## 7 Oppsummering

Kvalitetsmeldinga er klipp og lim av mykje tal og tabellar. Kjernepunktet er om den gjev svar på det politikarane treng for å vurdere kvaliteten på opplæringa i Gloppen, eller om det er områder som skulle vore belyst meir.

Gloppen opplæringscenter (GOS) er teken med her for å gje ein status på arbeidet der ein liten del er grunnskuleopplæring. Hausten 2024 fekk dei nye læreplanar som er modulbasert grunnskuleopplæring eller førebuande opplæring for vaksne (FOV) som det no heiter. For ein liten skule som GOS er det utfordrande å jobbe etter det nye opplegget. Det er og eit høgare trykk på å få flyktningane i arbeid og tenkje arbeidslinja. Her vil det alltid vere eit dilemma mellom god nok språkkompetanse og arbeidsgjevarane sine behov.

**Nasjonale prøver** er obligatorisk på 5., 8. og 9. trinn. Prøvene skal vere læringsstøttande og hjelpe til i det vidare læringsarbeidet i tillegg til å gje ein status på nivået til elevane. Oppsummert så ser vi ein trend på nasjonale prøver som har vore nokre år, at vi etter 5. trinn ligg litt bak, på 8. trinn så nærmar vi oss og i 9. trinn er vi på høgde og litt forbi. Trenden ser likevel ut til å flate litt ut og det viser og igjen på grunnskulepoenga utifrå ungdomskulen og gjennomføring i vidaregåande skule. Engelsk har gått frå å vere det området vi scora klart dårlegast på til at vi over år har sett ei positiv utvikling på prøvene. Som det er skissert i oppvekstplanen, lesing er det vi må prioritere høgast framover.

**Karakterar** dannar grunnlag for kva våre elevar tek med seg inn i søknaden til vidaregåande skule. Standpunkt karakterane dannar grunnskulepoenga saman med eksamen, som vi ser at vi ligg under både fylket og nasjonalt dei siste åra. Standpunkt karakterane er dei karakterane lærarane sjølv gjev elevane etter vurdering i faget. Med unntak av matematikk, så vurderer vi elevane våre lågare eller likt med fylket og landet. Matematikk er kanskje det faget det er minst rom for skjønn og enklare å setje karakter utifrå standardiserte modellar, kan det påverke kvifor det er slik og at vi har eit strengare skjønn enn andre i dei andre basisfaga? Eksamen karakterane syner at vi ikkje har grunn til å tenkje at det faglege nivået er dårlegare enn resten av landet.

**Grunnskulepoeng** og skilnaden mellom gutar og jenter er noko som vi har sett på gjennom mange år. Siste år er skilnaden høgare enn nokon gang. Det er ei utfordring for heile norsk skule, men for oss i Gloppen er det ei særskilt høg utfordring. Mange av tiltaka i oppvekstplanen tek sikte på å gjere noko med denne skilnaden. Det er ikkje tilfeldig med framsidebilde av traktorar framfor Gloppen ungdomsskule. Vi treng å sjå korleis vi skal løfte gutane sine skuleprestasjonar og motivasjon for skule, samt gjere skulekvardagen meir praktisk og variert. Gjennomføringa i vidaregåande skule er meir på det jamne med resten av fylket, der vi tidlegare har lege over.

**Fråvær** er eit tema som er i fokus både lokalt og nasjonalt. Vi ser at totalfråværet har etter koronapandemien lagt seg på eit høgare nivå, sjølv om det har gått ned og stabilisert seg med ein svakt stigande tendens. Vi ser at tal elevar med over 10% skulefråvær held seg høgt og utgjer rundt 12,5 % av elevane våre i Gloppen. Vi har laga ein rettleiar for korleis vi skal jobbe med bekymringsfullt skulefråvær som vi frå nytt skuleår vil ta i bruk for fullt og inkludere foreldrene i korleis vi jobbar. Det er og eit av områda som oppvekstplanen tek føre seg og prøvar og kome med tiltak på.

**Elevundersøkinga** syner at elevane i Gloppen scorar seg over fylke og land og 7. klasse scorar seg høgare enn 10. klasse. Det store bilde frå elevundersøkinga er at elevane i Gloppen har det bra og opplever både støtte på skulen og heimanfrå. Vi ser likevel at 10. klassingane våre har lågare motivasjon enn andre stader. Heng det saman med grunnskulepoeng og gjennomføring i vidaregåande skule?

**Mobbing** eller trygt og godt skulemiljø er noko det har vore jobba mykje med i Gloppenskulen siste åra. Vi har hatt samarbeid med Læringsmiljøsentret ved universitetet i Stavanger. Vi har etablert

innsatsteam i barnehagane og skulane med ekstra kompetanse. Vi har eit kommunalt team som støtter i saker der barnehagane og skulane treng ekstra hjelp. Det er eit område vi skal jobbe meir med, vi ser at det er litt avhengig av ulike årgangar, men spesielt på ungdomsskulen er det gledelege tal.

**KOSTRA** tal har ikkje direkte med resultat i grunnskulen å gjere, men det er interessant å sjå på dei i det fokuset som er på å drifte kommunen rimelegare. Samanlikna med vår kommunegruppe så driftar vi grunnskulen i Gloppen 9,6 millionar rimelegare enn snittet i kommunegruppa. Det tiltross for at lærartettleiken har gått opp frå året før. Samanliknar vi oss med nabokommunane våre så kjem vi og betre ut enn dei fleste. Med andre ord er grunnskulen i Gloppen drifta på ein god og rimeleg måte utifrå eit økonomisk perspektiv.

**Kommunebarometer** og **Oppvekstprofil** er samansette målingar som folkehelseinstituttet og kommuneforlaget lagar årleg, basert på ei mengde offentleg statistikk. Summen er at dei syner at vi har ein god skule i Gloppen (nr 60 av 356) og så vil det alltid vere områder vi kan jobbe meir med å utvikle og forbetre.

Eit område som kommunalsjef oppvekst ser at vi i seinare meldingar må belyse meir er dei minoritetspråklege elevane våre, både kor gode vi er på å lære dei norsk, inkludere dei og få til eit godt foreldresamarbeid. Dette kan gjelde både arbeidsinnvandrarar og flytningar. Det er eit område vi nok må erkjenne at vi ikkje er gode nok.

Bruk denne meldinga som utgangspunkt for arbeidet med oppvekstplanen og tiltak vi skisserar der. Svarar tiltaka vi foreslår med det vi ser og les ut av statistikk.